

## 4 turar i Uskedalsfjella

19.01.2012



Gruppe med Bjørn Olav Tveit i spissen på veg mot toppen av Nåso,

**Kvinnerad Turlag, som nyleg fekk Kulturprisen, har presentert eit variert 2012-program for turar i inn- og utland og også Uskedalen er naturleg nok godt representert.**

**Fjella våre er presenterte gjennom 4 turar denne gongen om ein ser hovudlaget og sideorganisasjonane under eitt.**

**Som vanleg er det den tradisjonelle Nåsoturen som hovudlaget skiltar med herifrå og i 2012 går den 15. april.**

Seniorane kan bli med på ein kombinasjonstur i Tveitedalen og Uskedalen 19. september medan fjellsportgruppa har topptur i Uskedalen 21. april og freistar med Høgetinden direkte 4. august.

At det er stor variasjon i programmet vert illustrert av desse stikkorda: Padling ved Fitjarøyane, sykling på Austevoll, skitur over Folgefonna, kitekurs på Dyranut, fottur i Ryfylkeheiane, reise til Tyskland og Austerrike, orreleik og indianarleir for barna og fisketur i Nesjastølvatnet..

Det er forresten ikkje så lenge før sesongen startar. 4. februar møtast aktivitetsleiarane i Barnas

Turlag til kurs i Fjellhaugen  
og dagen etter er det KOM DEG UT same staden.  
7. februar satsast det på fullmåneskitur.

Av Ola Matti Mathisen